



NVE
Postboks 5091 Majorstuen
0301 OSLO

Dykkar ref. Arkivsakid-doknr: 14/342-8
Journalpostid: 14/4872

Saksh: Gunnhild Sandvin
Telefon: 53 67 35 27

Arkivkode Dato:
K2-S11 25.09.2014

Høyringsuttale frå Eidfjord kommune - konsesjonssøknad med prosjektrapport og KU - overføring av Skytjedalsvatnet til Sima kraftverk

Det er fatta følgjande vedtak i saka:

KST-063/14 Vedtak:

Eidfjord kommune er positiv til Stakraft Energi sin søknad om å pumpe tilsiget til Skytjedalsvatnet til eksisterande overføringstunnel mellom Sysenvatn og Rembesdalsvatn. Eidfjord kommune meiner det bør setjast vilkår til konsesjonen knytt til;

1. Faren for kollisjon med linja til Skytjedalen for fugl.
2. Minstevassføring i Simadalselva om vinteren som sikrar overleving av rogn. Det bør utgreiast om bygging av tersklar i Simadalselva kan betra overlevinga av rogn.
3. Minstevassføring i Simadalselva om sumaren som sikrar fiskeinteressene i vassdraget.
4. Funksjonen til bygg som skal setjast opp ved pumpa i Skytjedal bør delast på fleire mindre bygg som skal harmonera med dei eksisterande bygningane.

Med venleg helsing
Eidfjord kommune


Gunnhild Sandvin
møtesekretær

Kopi til arkiv og kopibok



Hardanger

Eidfjord kommune
Simadalsvegen 1
5783 Eidfjord

Org.nr: 944 227 121
Bankgiro: 3450.19.60006
Innbetaling skatt: 7855.05.12326
www.eidfjord.kommune.no

Eidfjord - unik frå fjell til fjord

Telefon: 53 67 35 00
Telefaks: 53 67 35 75
Epost: postmottak@eidfjord.kommune.no



SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksh.
Eidfjord formannskap	01.09.2014	102/14	ELNGUN
Eidfjord kommunestyre	15.09.2014	063/14	ELNGUN

Offentleg**Uttale - konsesjonssøknad med prosjektrapport og KU - overføring av Skytjedalsvatnet til Sima kraftverk****Dokument i saka:**

Nr		Dok.dato	Avs./Mot.	Tittel
1	I	05.05.2014	NVE	Høyring - konsesjonssøknad med prosjektrapport og KU - overføring av Skytjedalsvatnet til Sima kraftverk
2	U	08.05.2014	NVE	Høyring - konsesjonssøknad med prosjektrapport og KU - overføring av Skytjedalsvatnet til Sima kraftverk
3	I	16.05.2014	NVE	konsesjonssøknad med prosjektrapport og KU - utsett frist
4	I	30.05.2014	Statens Vegvesen Region Vest	Uttale - konsesjonssøknad med prosjektrapport og KU - overføring av Skytjedalsvatnet til Sima kraftverk
6	I	24.08.2014	Simadal sameige v/ Oddmund Sæ	Høyringsuttale i samband med konsesjonssøknad for Skytjedal pumpe
7	I	01.09.2014	FNF Hordaland	Fråsegn vedk. søknad om konsesjon for byggjing av Skytjedal pumpe

Vedlagt:

Link til konsesjonssøknaden på NVE si heimeside,
<http://www.nve.no/no/Konsesjoner/Vannkraft/>

Særutskrift skal sendast til:**Endeleg avgjerd i:**

Kommunestyret



Hardanger

Eidfjord kommune
Simadalsvegen 1
5783 Eidfjord

Org.nr: 944 227 121
Bankgiro: 3450.19.60006
Innbetaling skatt: 7855.05.12326
www.eidfjord.kommune.no

Eidfjord - unik frå fjell til fjord

Telefon: 53 67 35 00
Telefaks: 53 67 35 75
Epost: postmottak@eidfjord.kommune.no

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Eidfjord kommune er positiv til Stakraft Energi sin søknad om å pumpe tilsiget til Skytjedalsvatnet til eksisterende overføringstunnel mellom Sysenvatn og Rembesdalsvatn. Eidfjord kommune meiner det bør setjast vilkår til konsesjonen knytt til;

1. Faren for kollisjon med linja til Skytjedalen for fugl.
2. Minstevassføring i Simadalselva om vinteren som sikrar overleving av rogn.
3. Minstevassføring i Simadalselva om sumaren som sikrar fiskeinteressene i vassdraget.
4. Funksjonen til bygg som skal setjast opp ved pumpa i Skytjedal bør delast på fleire mindre bygg som skal harmonera med dei eksisterande bygningane.

01.09.2014 Eidfjord formannskap**Handsaming:**

Anved Johan Tveit var ugild, Øyvind Riber møtte som vara.

Røysting:

Samrøystes tilrådd

FSK-102/14 Tilråding:

Eidfjord kommune er positiv til Stakraft Energi sin søknad om å pumpe tilsiget til Skytjedalsvatnet til eksisterende overføringstunnel mellom Sysenvatn og Rembesdalsvatn. Eidfjord kommune meiner det bør setjast vilkår til konsesjonen knytt til;

1. Faren for kollisjon med linja til Skytjedalen for fugl.
2. Minstevassføring i Simadalselva om vinteren som sikrar overleving av rogn.
3. Minstevassføring i Simadalselva om sumaren som sikrar fiskeinteressene i vassdraget.
4. Funksjonen til bygg som skal setjast opp ved pumpa i Skytjedal bør delast på fleire mindre bygg som skal harmonera med dei eksisterande bygningane.

15.09.2014 Eidfjord kommunestyre**Handsaming:**

Anved Johan Tveit og Kari Tveit Hovland gjekk frå som ugilde.

Britt Langøy møtte som vara for Anved Johan Tveit. Ingen møtte for Kari Tveit Hovland

Arne Bu, SP, sette fram slikt framlegg til vedtak:

tillegg til pkt 2

Det bør utgreiast om bygging av tersklar i Simadalselva kan betra overlevinga av rogn.

Røysting:

Formannskapet si tilråding med tillegget frå Arne Bu vart samrøystes vedteke

KST-063/14 Vedtak:

Eidfjord kommune er positiv til Stakraft Energi sin søknad om å pumpe tilsiget til Skytjedalsvatnet til eksisterende overføringstunnel mellom Sysenvatn og Rembesdalsvatn. Eidfjord kommune meiner det bør setjast vilkår til konsesjonen knytt til;

1. Faren for kollisjon med linja til Skytjedalen for fugl.
2. Minstevassføring i Simadalselva om vinteren som sikrar overleving av rogn. Det bør utgreiast om bygging av tersklar i Simadalselva kan betra overlevinga av rogn.
3. Minstevassføring i Simadalselva om sumaren som sikrar fiskeinteressene i vassdraget.



Hardanger

Eidfjord kommune
Simadalsvegen 1
5783 Eidfjord

Org.nr: 944 227 121
Bankgiro: 3450.19.60006
Innbetaling skatt: 7855.05.12326
www.eidfjord.kommune.no

Eidfjord - unik frå fjell til fjord

Telefon: 53 67 35 00
Telefaks: 53 67 35 75
Epost: postmottak@eidfjord.kommune.no


4. Funksjonen til bygg som skal setjast opp ved pumpa i Skytjedal bør delast på fleire mindre bygg som skal harmonera med dei eksisterande bygningane.

Saka gjeld:

Stakraft Energi søker om å pumpe tilsiget til Skytjedalsvatnet til eksisterande overføringstunnel mellom Sysenvatn og Rembesdalsvatn for utnytting i Sy-Sima kraftverk. NVE har sendt saka på høyring, frist for uttale er veke 38.

Nærare kva planane omfattar og konsekvensar;

- Pumping av vasstilsiget til restfeltet av Skytjedalsvatnet med ein pumpe plassert i austenden av vatnet. Restfeltet ligg vest for inntaket av Skytjedalselva.



- Pumper er tenkt plassert ved Løken i austenden av vatnet. Pumpeleidninga vert gravd ned på strekninga pumpestasjon til eksisterande inntaksdam.
- I planane inngår permanent heving av vasstanden i Skytjedalsvatn med 0,25 m for å danna magasin, men ikkje å senka vasstanden til under normalvasstanden (kote 837).
- Ny 22 kV luftleidning frå Simadalen rett opp lia og inn i Skytjedalen, som jordkabel gjennom vatnet til pumpestasjonen.
- Det er forslag om minstevassføring;
 - o 0,12 m³/sek i tida 1. mai til 30. september, i tida 1. juli til 5. august vert alt tilsig slept til Skytjedalsfossen mellom kl 10 og kl 18.
 - o I tida 1. oktober til 30. april vert det slept 0,02 m³/sek i Skytjedalsfossen.
- Som konsekvens for naturmiljø er vurdert kollisjon med luftlinje for fugl og reduksjon av naturtypen fossesprøytsone i Skytjedalsfossen.
- Konsekvens for fisk og ferskvassbiologi er i hovudsak knytt til redusert vassføring i Simadalselva.



Hardanger

Eidfjord kommune
Simadalsvegen 1
5783 Eidfjord

Org.nr: 944 227 121
Bankgiro: 3450.19.60006
Innbetaling skatt: 7855.05.12326
www.eidfjord.kommune.no

Eidfjord - unik frå fjell til fjord

Telefon: 53 67 35 00
Telefaks: 53 67 35 75
Epost: postmottak@eidfjord.kommune.no

- Konsekvens for landskapet er knytt til tekniske installasjonar, leidningar og redusert vassføring i Skytjedalsfossen og Simadalselva.
- Det er gjort kulturminneregistreringar og omsøkte tiltak har teke omsyn til desse i forhold til trasear og plasseringar av tekniske installasjonar.
- Konsekvensane for friluftsliv er i hovudsak knytt til moglegheit for fiske og opplevingsverdien av landskapet der vassdraget og Skytjedalsfossen er sentral.
- Konsekvensane for samfunn og næringsliv er ikkje omfattande, men kan representera lokale arbeidsplassar i anleggstida og vera med å sikra arbeidsplassane i Statkraft i driftsfasen. Inntekter i form av naturressursskatt, konsesjonsavgift og eigedomsskatt er oppgitt til 0,9 mill. kr per år.

Statkraft skriv vidare at det vert teke omsyn til revegetering, terrengarondring av massar, hekketida for kongeørn i forhold til anlegg og helikopterbruk. Når det gjeld minstevassføring er det eit førebels forslag til minstevassføring på 0,3 m²/sek om vinteren for å redusera dødelegheit på rogn.

Oppsummerte virkninger for ulike miljøtema (Statkraft):

Tema	Verdi	Tiltakets omfang	Konsekvens
Temperatur, isforhold			
Og lokalklima	-	-	Ingen-liten negativ
Erosjon	-	-	Ingen-liten negativ
Landskap	Middels-stor	Liten-middels negativt	Middels negativ
Kulturminner og kulturlandskap	Stor	Liten negativ	Liten negativ
Friluftsliv og ferdsel	Middels-stor	Middels negativt	Middels negativ
Naturmiljø	Middels	Middels negativt	Middels negativ
Fisk og ferskvannsmiljø	Middels	Middels-stor negativt	Middels negativ
Naturressurser	Stor	Liten negativ	Liten negativ
Vannkvalitet	-	-	Liten negativ
Sysselsetning og Verdiskapning	-	-	Liten positiv

Økonomiske konsekvensar:

Ingen merknader til konsesjonssøknaden.


Juridiske konsekvensar:

Ingen merknader til konsesjonssøknaden.

Miljømessige konsekvensar:

- Utforming av pumpestasjonen bør harmonera med dei andre bygningane som ligg i nærleiken. Teikning av pumpestasjon viser ein bygning på 5x19m som skal innehalda sov/opphaldsrom maskinsal, trafo og inngang. Samanlikna med dei andre bygningane i nærleiken er dette ein stor bygning. I den grad dei ulike funksjonane til bygningen kan delast på fleire bygg, bør det vera lettare å tilpassa desse til bygningsmiljøet.
- I søknaden skriv Statkraft at det er vanskeleg å sei kor stor grad fugl bruker traseen (alt. 1 er det Statkraft søker på) og konkluderer difor med lite-middels negativt verknad og konsekvens. Her synest det å vera behov for meir kunnskap før det kan

konkluderast på verknad og konsekvens.



- Det er uvisse til berekningsgrunnlaget for lavvassføring, minstevassføringa er 5-persentilen. Samla for året er det estimert ei restvassføring i Simadalselva ved Tveit på 65% og ved utløpet i fjorden på 78%. For utløpet av Skytjedalsvatnet vert det ei restvassføring på 18%. Kurve for vassføring, figur 4.11, viser størst reduksjon i vassføring i tida mai til oktober. Dette vil i særleg grad gå utover Simadalselva som fiskeelv. Det er i dag kjent at elva stort sett berre er fiskbar i situasjonar med høg vassføring, vert desse redusert, går det utover fiskemoglegheitene. Frå konsekvensutgreiinga er det tilrådd ei minstevassføring på 0,3 m³/sek om vinteren. Dette for å sikra vassdekt areal til gytegroper vinterstid. For Bjoreio er det sett ei minstevassføring ved Skardsenden som grunnlag for vintervassføring for å sikra vassdekt areal på gyteplassane. Ei tilsvarende ordning bør vera mogleg å koma fram til for Simadalselva.
- Magasinhøgda i Skytjedalsvatnet på 0,25m vil på sikt truleg verta meir synleg sidan denne reguleringa kan verta brukt aktivt.
- Det er tenkt å regulera minstevassføringa i Skytjedalsfossen og vasstanden i Skytjedalsvatnet gjennom start og stopp av pumpene. Statkraft har gitt ei nærare forklaring til korleis dette skal regulerast; Vi går ut i fra kote 837,00 som normalvannstand og LRV. HRV blir følgelig kote 837,25. Volumet mellom LRV og HRV er på ca. 0,1 mill. m³. Med et gjennomsnittlig tilløp på ca. 1 m³/s sommersetid vil det ta ca. et døgn og «fylle opp» dette volumet. Dette betyr i praksis at vi i sommersesongen må ligge tett oppunder/på HRV for å sikre vannslippet i den aktuelle perioden. Det er viktig å merke seg at minstevannføringsslippet vil gå hele tiden gjennom et fast rør (120 l/s) uansett vannivå over naturlig vannstand.
Nivået i vannet vil bli styrt gjennom start og stopp av pumpene.

- Utbygginga vil resultera i redusert gjennomstrøyming i Skytjedalsvatnet.
- Under pkt. Vassforsyning, står det at Simadalselva ikkje vert nytta til jordbruksvatning. For tida er dette rett, men meir aktivt jordbruk i dalen vil gjera det aktuelt å bruka elva til jordbruksvatning.
- Under pkt. 13.2.5, naturmiljøet og biologisk mangfald, akvatisk miljø, vert påverknaden for Skytjedalsvatnet og Simadalselva vurdert som liten verdi pga at det er sterk påverking frå eksisterande regulering. Dette er ein omdiskutert metodikk, pga påverknad frå eksisterande regulering skal det ytterligare påverknad vurderast som liten. For naturmiljøet er det den samla påverknaden sett opp mot naturtilstanden som betyr noko og da vil verdien truleg verta stor.
- Under pkt. 13.2.8, landskap, Simadalen, vert det konkludert med same metodikk som for naturmiljøet. Sett opp mot ein naturtilstand er påverknaden stor. Potensialet til Skytjedalsfossen som opplevingsverdi er stor og kan ha stor verdi for turismen ved tilrettelegging for tilkomst.

Personalmessige konsekvensar:

Ingen merknader til konsesjonssøknaden.

Aud Opheim Lygre
rådmann

sakshandsamar